

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
27. 03. 2015	
Art. nr.	Løsnr.
14/5524	
Saksf.	Tilleggsnotis

Merknader til planframlegget Fløstadvika gnr. 196/4 mfl.

På ny skal Fløstadvika opp i dykkar utval og ubehaget frå tidlegare utbygging i nabolaget vårt har enno ikkje lagt seg. Eg ber innstendig om at de tek dykk tid til å lesa dei originale breva me sende inn den gong då. Den «attfortelling» som utbyggjar har skrive som merknader gjer oss som bur her urett.

Her er nokre kommentarar som de må ta med i vurderinga. De må vere merksam på at de som sit i utvalet også kan avvise saker. Det er eit spørsmål om kva me som bur der frå før kan tåle, og kva de er villig å utsette dykkar egne innbyggjarar for. Ei utbygging til i området vert eit folkehelseproblem. Kor mykje utbygging kan eksisterande buområder tåle?

Nokre kommentararar:

1. Store delar av området som no er foreslått regulert, var opprinneleg ein del av reguleringsplanen Midtgård – Leknes. Etter stort engasjement frå bygdefolk og vedtak i PMU (06.4.2005) vart området aust for fylkesvegen tatt ut av planen før den vart godkjend 29.6.2008. Vedtaket var den gongen at det skulle ikkje byggjast på nedsida av vegen. Fylkesmannen meinte den gongen at dette området ikkje burde vore tatt ut av planen, men inkludert i planområdet som friområde med tanke på faktisk utbyggingspress.

Sitat frå Fylkesmannen, miljøvernavdelinga i brev motteke 25.01.07 peika på nokre punkt i planframlegget som dei ynskte å rette opp.

”- Med tanke på faktisk utbyggingspress meiner fylkesmannen at det vil være tilrådeleg at arealet aust for vegen vert inkludert i planområdet som friområde eller spesialområde / friluftsområde.”

Dette konkrete området, som vart tatt ut av planen den gongen, er no foreslått regulert med ein mykje høgare utbygningsgrad enn sist gong det vart forsøkt regulert.

Framlegg:

Med bakgrunn i dette meiner eg at det ikkje skal gis løyve til utbygging i dette området i det heile.

2. I vedtak 15.1.2010 godkjende Lindås kommune at det vart bygd ein vass og avløpsleidning (VA) på nedsida av fylkesvegen ved Midtgård/Leknes byggefelt. Denne vegtraseen er identisk med den som no ligg i den nye planen som tilkomstveg. Kunne Lindås kommune den gongen gje løyve til bygging av denne vegen utan at området var tatt inn i reguleringsplanen? Og utan at me som naboar er vorte varsla og høyrd i denne saka? Og skal no denne ulovlege vegen vel 3 meter brei nyttast som tilkomstveg for nytt byggefelt?

Under bygging av denne VA-vegen vart det gjort mange alvorlege feil og manglar frå utbyggar si side. Etter stort påtrykk frå naboar vart det utført tilsyn 03.2.2011, der det

vart avdekka mange feil og manglar. Kommunen har hatt advokatbistand i samband med dette tilsynet, men har etter fleire purringar likevel valgt å ikkje følge opp dette. Me naboar har påpeika dette ovanfor kommunen og det har også andre naboar utan å få svar.

Denne utbyggjaren har ikkje ordna opp etter seg t.d. står det att å ordna jordvollen ned mot min eigedom som har altfor høg skjæring og å byggja opp steingarden som dei øydela i denne ulovlege bygginga.

Utbyggjar har rasert store delar av vårt nære kulturlandskap. Me har ikkje ein heil steingard att i utbyggingsområdet på Midtgård! Med unnatak av den som er mellom mitt stykke 196/115 og der det no skal koma ny utbygging nedst i Naustdalen. Tillet de denne utbygginga no, ryk no denne også til, slik alle dei andre steingardane har gjort.

Framlegg:

Lindås kommune må gje eit eit klart svar på kven som har ansvar for å ordne opp i feil og manglar i samband med VA-vegen.

Vegen slik den er i dag, bør etter mitt syn fjernast, og uvurderleg tørrmurt veg frå sjøen og opp til vegen må byggast opp att.

3. Dei områda som er merka med grøntareal på nedsida er ein vits. Dei er for bratte og ulendte til å brukast til føremålet.
4. I utkast til reguleringsføresegner § 1.7 er det skrive at ny busetnad m.a. skal (...) «*Utformast på ein slik måte at området samla står fram med eit god heilskapleg preg*». Til PMU si orientering er utbyggingsområdet på Midtgård på folkemunne kalla «*Gazastripa*». Stygge skjæringar, bratte jordvollar, høge hus som ragar på toppar i landskapet, og enorme støttemurar for å få plass til flest mogeleg hus pregar området. Ja, de bør ta dykk ei synfaring og sjå det med eigne augo. Det er eit «godt» døme på kor stygt det blir når utbyggjarar får herja fritt.

All den utbygginga som skjer i området føre til sosial uro og problem. Det skjer for mykje og for fort. Ber om at PMU faktisk tek omsyn til oss som bur her og som grunna sist utbygging har hatt store utfordringar knytt til helse, ureining og økonomiske kostnader. Me har slåst med vindmøller så lenge og ber om at me vil endeleg blir høyrte.

Naustdalen 26. mars 2015


Inger Helen Midtgård
Leknesvegen 213
5915 HJELMÅS